



Arkivnr: 2015/4501-5

Saksbehandlar: Karl Inge Nygård

**Unnateke offentleggjering OFFL § 13, Fvl. § 13**

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.08.2015

**Avtale med JCDecaux om reklame på rullande materiell**

**Samandrag**

Med bakgrunn i fylkestingsvedtak 68/13 har administrasjonen, etter gjennomført konkurranse, tildelt kontrakt for reklame på bussar og Bybanen til JCDecaux. Ettersom ordlyden i nemte fylkestingsvedtak gjev rom for fleire tolkingar i høve kompetansen til å signere avtalen, vel fylkesrådmannen å leggje avtalen fram for fylkesutvalet før signering.

Ettersom avtaleutkastet inneholder konkurrancesensitiv informasjon som må reknast som teiepliktig er saka unnateke offentleggjering.

**Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner avtale med JCDecaux om reklame på rullande kollektivmateriell og gjev fylkesrådmannen fullmakt til å signere avtalen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
Fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg**

1 Avtale mellom JCDecaux og Hordaland fylkeskommune v/Skyss

## Fylkesrådmannen, 06.07.2015

### 1. Bakgrunn

I desember 2013 fatta fylkestinget følgjande vedtak i sak 68/13 om reklamefinansiert kollektivtransport:

1. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen sende over saka om reklamefinansiert kollektivtransport til berørte kommunar og berørte organisasjonar samt Statens vegvesen for uttale om innføring av reklamefinansierte leskur langs kommunale, fylkeskommunale og statlege vegen, samt på dei største terminalane i Bergensområdet.*
2. *Under føresetnad om tilslutnad i Bergen kommune og Statens vegvesen får fylkesrådmannen fullmakt til å starte planarbeid for plassering av reklame på leskur og byromsmøblar, og deretter setje i verk anbodskonkurranse med formål å inngå kontrakt med reklameoperatør for investering i møblar og drift/vedlikehald av desse. Aktuelle reklameflater er:*
  - a. *Reklamefinansierte leskur langs vegen i Bergen kommune og omegn.*
  - b. *Oppsjon reklameplassering på Bybanens haldeplassar på bakvegg i leskur eller frittståande modular. Yting frå reklameoperatøren er vedlikehald på haldeplassane.*
3. *Under føresetnad om tilslutnad i Bergen kommune får fylkesrådmannen fullmakt til å forhandle fram avtale med reklameoperatør for reklame på rullande kollektivmateriell og kollektivterminalar for følgjande flater i utandørsmarknaden med organisasjonsform outsourcing:*
  - a. *Buss innvendig*
    - o *Takbogar*
    - o *Digitale skjermer der dette er lønsamt i kombinasjon med nyheiter og kommunikasjon frå Skyss, vekeplakatar elles*
  - b. *Bybanen innvendig*
    - o *Digitale skjermer i kombinasjon med nyheiter og kommunikasjon frå Skyss*
  - c. *Hurtigbåt innvendig*
    - o *Vekeplakatar (på vegg) og digitale skjermer*
  - d. *Buss utvendig*
    - o *Lite bakfelt*
  - e. *Terminalar som i dag ikkje er ein del av vegvedlikehaldet*
4. *Fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle med Bergen kommune om fordeling av ytingar frå reklameavtalen til byromsmøblar.*
5. *Fylkesutvalet får tilbake sak, inkludert forslag til retningslinjer, når resultatet av forhandlingane ligg føre.*
6. *I samband med forslag til retningslinjer må ledig annonseplass vurderast å setjast av til kulturformål.*
7. *Retningslinene må og presisera kva område som skal vere reklamefrie.*

*I budsjettvedtaket for 2012 var det presisert at dei historisk delane av Bergen sentrum skal haldast fri for reklame på busstopp og terminalar. Dette inneber at bussylklar kan inkluderast og i dei historiske delane.*

8. *Fylkestinget presiserer at ordninga med reklamefinansiert kollektivtransport også kan omfatte resten av Hordaland fylke der marknaden er til stades.*

Bergen bystyre handsama saka i møte 18.06.14 og gav her si prinsipielle tilslutning til reklamefinansiering.

Eit prosjekt vart sett i gong for å gjennomføre planarbeidet og to anbodskonkurransar:

*Anbodskonkurranse 1:* Rullande kollektivmateriell og kollektivterminalar, jf. pkt. 3 i vedtaket i sak 68/13 (er tema i denne saka).

*Anbodskonkurranse 2:* Reklamefinansierte leskur, reklame på haldeplasser og byromsmøblar, jf. pkt 2 i vedtaket i sak 68/13. Kontraktstildeling i denne anbodskonkurransen er forventa første halvdel 2016.

## **2. Om den gjennomførte konkurransen om rullande kollektivmateriell og kollektivterminalar**

Første fase av denne anskaffinga besto av innhenting av bakgrunnsinformasjon og dialog med marknaden. Denne fasen, som vart gjennomført hausten 2014, hadde som mål å samle vesentleg informasjon til å kunne lage eit best mogleg konkurransegrunnlag og dermed å sikre kontraktar, løysingar og driftsmodellar som er gode for alle involverte partar.

Det vart i denne fasen også gjennomført dialogmøter med potensielle leverandørar.

Etter dette vart konkurransegrunnlag og utkast til kontrakt utarbeidd. På bakgrunn av tilbakemelding frå marknaden vart det beslutta å dele opp det totale omfanget av reklameflatene i tre delkontraktar:

1. Bussar og Bybanen
2. Snøggbåtar
3. Kollektivterminalar

Leverandørane sto fritt i å gje tilbod på dei einskilde delkontraktane eller fleire i kombinasjon.

I konkurransegrunnlaget var det fastsett at kontrakt skulle tildelast etter følgjande kriterium:

*Tilbode vederlag:*      *Vekt 60-75%*

Tilbydarane skulle her utfylle prismatrise som innehaldt følgjande element: Garantert minstebeløp, prosentsats av omsetnad i vederlag og estimert omsetnad.

*Oppgåveforståing:*      *Vekt 25-40%*

Med oppgåveforståing vart følgjande meint, i prioritert rekkefølgje:

- Strategi for maksimal omsetning på kontrakten
- Gjennomføringsplan

Konkurransen vart utlyst i byrjinga av februar 2015. Konkurransen vart utlyst som ein tenestekonsesjonskontrakt. Sjølv om tenestekonsesjonsavtalar ikkje er omfatta av anskaffingsforskrifta vart anskaffinga gjennomført i samsvar med anskaffingsregelverket sine prinsipp om konkurranse. Det vart vald å gjennomføre anskaffinga som ein konkurranse med forhandling i eitt steg.

Skyss mottok innan tilbodsfristen 07.04.15 følgjande tilbod:

1. Bussar og Bybanen
  - o JCDecaux
  - o Clear Channel
2. Kollektivterminalalar
  - o Clear Channel
3. Snøggbåtar
  - o Reklameservice

Konkurransane om kollektivterminalalar og snøggbåtar vart avlyst med bakgrunn i manglende konkurranse og så låg verdi på tilboda at det i eit kost/nytte-perspektiv ikkje vart vurdert som føremålstenleg å inngå kontrakt. Reklameflatene på kollektivterminalalar vil bli overført til anbodskonkurransen 2, om reklamefinansierte haldeplassar og byromsmøblar. Når det gjeld reklameflatene på snøggbåt vil Skyss utgreie moglegheitene til å selje desse flatene til snøggbåtoperatørane.

I konkurransen om bussar og Bybanen vart det gjennomført forhandlingar med Clear Channel og JCDecaux. Etter gjennomførte forhandlingar og mottak av reviderte tilbod vart det gjennomført evaluering som konkluderte med at JCDecaux hadde beste tilbod på begge tildelingskriterium:

		Oppsummering evalueringars arbeid			JCDecaux		Clear Channel	
		Vektning	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng		
Evalueringsomr åder	Tilbode vederlag	60 %	6,00	3,60	4,52	2,71		
	Oppgåveforståing	40 %	6,00	2,40	4,60	1,84		
	Total score	100 %	6,00	6,00	4,55	4,55		
		Rangering	1		2	2		

JCDecaux og Clear Channel vart 11.06.15 skriftleg varsla om at JCDecaux var tildelt kontrakten.

#### 4. Kort om den framforhandla avtalen med JCDecaux

Den framforhandla kontrakten er ein samarbeidsavtale mellom JCDecaux og Hordaland fylkeskommune v/Skyss der fylkeskommunen si inntekt består av eit garantert minstebeløp samt ein prosentdel av brutto omsetnadsbeløp. Reklameflatene er såleis ikkje seld for ein fastsatt sum; dersom verdien av reklameflatene aukar slik at omsetnaden aukar, vil også fylkeskommunen sine inntekter auke. Ut i frå estimata som ligg til grunn for kontrakten vil gjennomsnitt årleg inntekt i avtaleperioden vere på mellom 6 og 7 mill. kroner. Avtalen varer i 7 år med opsjon på forlenging.

Oppstart for reklame på buss vil skje hausten 2015. Reklame på Bybanen vil ikkje starte opp før i 2017. Dette fordi skjermene på Bybanen først skal skiftast ut og Bybanen AS har opplyst om at dette arbeidet først kan gjennomførast vinteren 2016/2017.

Når det gjeld regulering av innhaldskrav til reklamen fastsett avtalen pkt. 5 følgjande:

### **«Reklameoperatøren sine plikter**

*Reklameoperatøren skal sørge for at reklamen som visast på dei definerte reklameplassane ikkje er i strid med dei lovkrav som til ein kvar tid er fastsatt.*

*Reklameoperatøren skal søke å unngå reklame som kan virke støytande på ålmenta eller reklame som etter Oppdragsgivars oppfatning elles er av ein slik art det kan være uheldig med tanke på Oppdragsgivars forhold til publikum. Det skal vere ein tett dialog mellom Oppdragsgivar og Reklameoperatør for å definere kriterier for sømelegheit og kva som kan verke uheldig for Oppdragsgivar.»*

Komplett utkast til avtale mellom JCDecaux og Hordaland fylkeskommune v/Skyss følgjer som vedlegg til saka.

### **5. Om prosess knytt til signering av avtalen med JCDecaux**

Det følgjer av fylkestingvedtaket pkt. 3 at fylkesrådmannen har fullmakt til å forhandle fram avtale med reklameoperatør for reklame på rullande kollektivmateriell. I dette må det etter fylkesrådmannen si vurdering openbart også liggje implisitt fullmakt til å ta avgjerd om kven som skal tildelast kontrakt.

Det vart i fylkesutvalet 18.06.15 stilt spørsmål ved om vedtaket også gjev fylkesrådmannen heimel til å signere den framforhandla avtalen med vald reklameoperatør.

Fylkesrådmannen har lagt til grunn at pkt. 5 i vedtaket må forståast slik at fylkesutvalet skal få seg forelagt resultatet av dei forhandlingane med Bergen kommune som det vert vist til i punkt 4 i vedtaket – ikkje resultatet av fylkesrådmannens forhandlingar med reklameoperatør som det vert vist til i vedtaket punkt 3.

Følgjande moment talar for ei slik tolking av vedtaket:

- Punkt 5 i fylkestingsvedtaket viser til «forslag til retningslinjer», og er plassert direkte etter punktet som angår forhandlingane med Bergen kommune. Forhandlingane med vald reklameoperatør vil imidlertid ikkje resultere i «forslag til retningslinjer». Dette talar for at punkt 5 utelukkande relaterer seg til forhandlingane med Bergen kommune som nemnt i punkt 4.
- Punkt 5 inneheld ingen henvisning til punkt 3 eller til forhandlingane med vald reklameoperatør.
- Etter at fylkestingsvedtaket (og prinsipiell tilslutning frå Bergen kommune) låg føre, er det reelt sett lite å diskutere. Realiteten er at fylkesrådmannen har fått politisk godkjenning og fullmakt til å utlyse anbodskonkurranse, forhandle med aktuell reklameoperatør og tildele kontrakt. Det er vanskeleg å sjå på kva punkter det skulle vere nødvendig med politisk godkjenning av forhandlingsresultatet etter at avtale er framforhandla og kontrakt tildelt innanfor dei rammer som fylkestinget har trekt opp.
- Avtalen som er framforhandla med JCDecaux er av ein slik karakter at det framstår som lite føremålstenleg at den skal bli underlagt politisk handsaming forut for signering.
- Delegasjonsreglementet del B punkt 5 underbyggjer at fylkesrådmannen normalt vil ha fullmakt til å signere framforhandla kontraktar *innanfor eige ansvarsområde*. Når fylkesrådmannen eksplisitt er gjeve fullmakt til å framforhandle kontrakt med vald reklameoperatør er det naturleg å sjå det slik at avtaleforholdet er plassert innunder fylkesrådmannens ansvarsområde, og at fullmakta til å forhandle dermed også omfattar kontraktsignering i tråd med «normalmodellen» som følgjer av delegasjonsreglementet.

Fylkesrådmannen ser imidlertid at pkt. 5 i fylkestingsvedtaket også kan tolkast dithen at fylkesutvalet skal få seg førelagt resultatet av forhandlingane med Bergen kommune som nemnt i punkt 4, *samt* resultatet av fylkesrådmannens forhandlingar med vald reklameoperatør som det blir vist til i vedtaket punkt 3. Dersom dette tolkingsalternativet vert lagt til grunn vil fylkesrådmannen først ha kompetanse til å signere kontrakt etter at fylkesutvalet har gjeve sin tilslutnad til avtaleutkastet som er framforhandla med vald reklameoperatør.

Ettersom det ikkje er heilt opplagt kva tolkingsalternativ som skal leggjast til grunn vel fylkesrådmannen å leggje avtalen fram for fylkesutvalet før signering.